

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/9810-4

Søknad om ruteløyve Sogndal - Geiranger

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Tide Buss AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i perioden 13.06 til 13.08 i åra 2017-2020 på strekninga Sogndal - Geiranger.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) Det er kun tillate med av- og påstigning i Sogndal, Loen og Geiranger.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

Vedlegg: Søknad frå Tide Buss

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Tide Buss AS søker om ruteløyve for turistbuss på strekninga Sogndal - Geiranger - Sogndal i perioden 13. juni til 13. august for åra 2017-2020.

Tide søker om å få køyre frå Sogndal kl. 08.30 med ankomst Geiranger kl. 12.00. Einaste stopp for av- og påstigning undervegs er ved Alexandra Hotel i Loen. Retur frå Geiranger kl. 15.30 med ankomst Sogndal kl. 19.00.

2. Høyringar

Søknaden er sendt på høyring til Møre og Romsdal fylkeskommune, samt Nettbuss AS og Firda Billag Buss AS.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv dette i sitt svar:
Møre og Romsdal fylkeskommune har ingen marknader til søknaden.

Det er ikkje kome inn høyringsuttale frå andre.

3. Økonomiske konsekvensar

Sidan denne ruta berre skal ha eitt stopp undervegs, vil det dette gje lite eller ingen konsekvensar for inntektene våre på rutene som går frå Sogndal kl. 09.10 og kjem til Stryn kl. 11.50, og frå Stryn kl. 15.45 og kjem til Sogndal kl. 18.40.

Tide Buss søkjer ikkje om økonomisk støtte til å drifte denne ruta.

4. Vilkår

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 setje nærare vilkår for løyvet.

Det skal også vere eit vilkår at turvognløyvet i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør føresegnene om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det naudsynt med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren er positiv til at det vert oppretta eit rutetilbod for turistar frå Sogn og Fjordane til Geiranger.